

Toppreklame for Uskedalen

19.06.2013

KVINNHERADFERIE - Kvinnheringens årlege feriemagasin - føreligg og denne gongen har uskedalingane all grunn til å vera fornøgde med produktet sett gjennom bygda sine brillar. Uskedalen har fått toppreklame i form av 6 sider tekst og annonsar og 4 av dei er ofra på Festidalen.

i bolken om festivalen er det særleg grunn til setta strek under eit panoramabilete der stadane hvor noko skal skje er markert med nummer,

I kommunen sin annonse er dei ikkje snauare enn at dei har brukt eit praktfullt flyfoto av Uskedalen saman med overskrifta VAKRAST I VERDA og på eit tilsvarande oppslag på ei annan sida får ein veta at SOMMARBYGDA USKEDALEN ER BYGDA MED LIV !

Hvis kommunen også hadde fått med vår meir offisielle logo med PORTEN TIL HARDANGER hadde det vore fullkomment. Men det skal ein kanskje ikkje forlanga... Vi bukkar og takkar og ynskjer fleire gjestar velkommen.

Av Ola Matti Mathisen